

Nærare orientering om oskespreiing

I § 20 andre ledd i gravferdsloven heiter det: "Fylkesmannen kan etter søknad fra person som har fylt 15 år, gi tillatelse til at den som skal sørge for vedkommendes gravferd sprer asken for vinden. Tillatelse kan også gis etter vedkommendes død når det godtgjøres at avdøde ønsket askespredning. Slik tillatelse kan også gis for aske etter barn når nærmeste etterlatte ønsker det. Fylkesmannen kan sette vilkår for tillatelsen."

Spreiing av oska for vinden vil også innebera at det ikkje vil vera høve til å setja namnet til avdøde på eit gravminne, i følgje rundskriv F-037-01 frå Kyrkjedepartementet. Det heiter vidare at den som syter for gravferda ikkje er rettsleg forplikta til å gjennomføra oskespreiinga eller søkja om oskespreiing etter ønske frå avdøde, dersom det er i strid med vedkommandes ønske eller overttyding.

Om kor oska kan spreiaast heiter det i odelstingsproposisjonens merknad til paragrafen m.a.: "Som hovedregel bør askespredning kun tillates på åpent hav og i høyfjellet."

I samband med dette skriv Kyrkjedepartementet i rundskriv F-77-00 m.a.: "En del ønsker om spredningssted fremstår slik at spredningen ønskes gjort over et svært lite område, og f.eks. i nærheten av familiens hytte. Departementet viser her til lovforarbeidene hvor det legges til grunn at det ikke vil bli gitt tillatelse i eller i nærheten av bebyggelse. I tillegg kommer at et slikt sted lett kan få karakter av "privat gravsted". En av intensjonene bak bestemmelsen om spredning av aske er at asken skal spres på et slikt sted at den blir tatt opp i naturens kretsløp, og at den senere ikke kan gjenfinnes".

Kyrkjedepartementet opnar i same rundskriv for å "gi tillatelse til spredning av aske i fjorder og havområder som har umiddelbar forbindelse med åpen sjø, for eksempel enkelte fjorder [...] Tillatelse til spredning bør allikevel ikke gis dersom det er svært mye fritidstrafikk i området, eller det er strender eller mye bebyggelse i området".

Når det gjeld høgfjellet vil det vera avgjerande at området ligg langt frå folk og utanfor ferdsselsvegar i fjellet. Det vil her derfor vera viktig at staden for oskespreiing blir kartfesta.

Framgangsmåten

Søknad om løyve til oskespreiing skal sendast til fylkesmannen i det fylket du ønskjer oska skal spreiaast. I søknaden må du opplysa om kor dette skal skje med ei nærare beskriving av staden, gjerne vedlagt ei kartskisse.

Pårørande, eller den som skal ordna med gravferda, kan søkja om å få spreia oska etter avdøde. Det må då kunna godtgjerast at avdøde ynskte oskespreiing. Det er ikkje lenger noko krav om at det skal liggja føre ei underskriven erklæring frå avdøde, men det må på annan måte kunna forsikrast om at dette var avdødes ønske. Det må derfor leggjast fram ei underskriven erklæring frå minst to personar om dette.